

Deres ref.: 14/472 - 14/1669

Vår ref.: ard011009

Bergen: 26.01.2016

INNLEVERING AV OMRÅDEPLAN STORHEIM / AUSTMARKA - KALNES

Viser til innlevering av områdeplan for Storheim / Austmarka - Kalnes, med følgebrev datert 10.09.2015, og påfølgende overleveringsmøte med Tonje Epland i Radøy kommune 22.09.2015.

I innleveringsmøtet blei vi samde om ein del endringar som Ard arealplan skulle ta inn i plandokumenta før endeleg innsending. Epland skulle òg ta kontakt med Statens vegvesen (SVV) for avklaring angående løysingar. SVV hadde fleire, til dels krevjande punkter, dei ynskja at skulle endrast i planen - blant anna ein omfattande avkøyringssanering sør i planområdet. På bakgrunn av dette, vart Ard arealplan og Radøy kommune einige om å dela ifrå den sørlege delen av planområdet, då dette hadde vore eit omfattande planarbeid som mangla finansiering. Innleveringa omfattar no den nordlege delen av det opphavelige planområdet. Områda i nord vil i denne løysinga fortsatt vere sikra trygge skuleveggar, gangveggar knytt til butikk m.m.

I førre brev av 10.09.2015, vart punktane frå vedtaket i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 29. januar 2014 svart ut. Løysing for å sikra punkt 1 i vedtaket er endra etter førre innlevering, på bakgrunn av tilbakemeldinga ifrå SVV. SVV ynskja ikkje eit «kombinert føremål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur» som var føreslått i innleveringa av 10.09.2015, og plankartet er derfor endra tilbake, til å visa dei ulike samferdselsføremåla. For å gje den same fleksibiliteten i å kunne opparbeida midlertidig skuleveg frå bustadfelta, som ikkje vert så kostbar at utbygging ikkje vert realiserbar, er det lagt inn eit bestemmelsesområde (#2) kor ein kan opparbeida midlertidig skuleveg innanfor.

Etter førre innlevering er det i tillegg eit nytt område som har vorte detaljregulert i nord (BB10). I tillegg er diverse formålsnamn endra, blant anna som følgje av at den sørlege delen av planområdet er delt ifrå.

Planføresegna er levert på same måte som i førre levering av 10.09.2015. Dette fordi siste sett med føresegner er utarbeidd av Radøy kommune etter 1. gongs handsaming. Alle justeringar som vi no har foreslått i føresegna er sporbare i dokumentet. Det som er gula ut er kommentarar frå saksbehandlar som var der når vi fikk dokumentet, det som er strykt ut er våre forslag til sletting av tekst, det som er med grøn skrift er våre forslag til ny tekst, og det som er med raud skrift er våre kommentarar/spørsmål i høve teksten. Vi har gjort det slik, for at det skal vere tydelig kva endringar som vi no foreslår i kommunen sitt dokument.

Vi ber om at områdeplan for Storheim / Austmarka - Kalnes blir lagt ut til fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn.

Vedlegg:

- SVV sine førebelse merknadar, med Ard sine kommentarar.
- Møtereferat frå overleveringsmøtet 22.09.2015, med Ard sine kommentarar.
- Planmaterieell (plankart inkl. SOSI-filar, planføresegner, planskilddring, illustrasjonar for BB01-10, varslingsdokument, merknadar ved varsling og vegprofilar)

Ard arealplan as



Anja Vik
arealplanleggar
av@ardarealplan.no

Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 454 48 769